

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Middelthunsgate 29, Postboks 5091 Majorstua,
0301 Oslo

Dykkar ref:
201502667

Dykkar dato:

Vår ref: BKa

Arkiv:

Sakshandsamar: Dato:

B. Kapstad

13.08.2015

HØYRINGSSVAR FRÅ SUNNFJORD ENERGI NETT – TARIFFAR FOR UTTAK I DISTRIBUSJONSNETTET

Sunnfjord Energi Nett syner NVEs høyring om tariffar for uttak i distribusjonsnett.

Vi støttar NVE sitt arbeid med å i større grad synleggjere kor kostnadane oppstår i nettet og ser at innføring av AMS vil opne opp for ei annan tariffstruktur innafor konsesjonsområdet enn i dag.

Ei meir effektiv utnytting av kraftnettet kan gje redusert behov for investeringar i nettet og ein vil dermed oppnå ein samfunnsmesse g vinst og redusert nettleige på sikt.

Synleggjering av kostnadane for kundane gjennom meir kostnadsrette tariffar vil auke medvitet og incitamentet for kostnadsrett bruk av energi og effekt.

Tidsoppløysing og differensiering av energileddet: Det vil vere store geografiske skilnader i berekna marginaltapsledd dersom ein går detaljert til verks. Vi trur at ei geografisk inndeling av energileddet vil opplevast som urettferdig og det vil vere krevjande å kommunisere til kunden. Vi meiner difor at det ikkje bør vere geografisk inndeling på energileddet, men at det kan opnast for det dersom det er særskilde tilhøve som tilseier at dette bør gjerast.

Tidsdifferensieringa må vegast opp mot samfunnsøkonomisk kostnad ved ekstraarbeid for nettselskapa.

Effektledd basert på sikringsstorleik: Kunden kan ha 1 fase eller 3 fase installasjon, 230 V eller 400 V spenning. Dette gjev eit stort sprang i prising av kr/kW. Vi støttar difor ikkje dette.

Effektledd basert på abonnert effekt: Ei slik ordning kan gje incentiv for å abonnere på høgare effekt enn det kunden faktisk har bruk for. Vi støttar difor ikkje dette.

Effektledd basert på målt effekt: Dette er mogleg når AMS er på plass og kan vere hensiktsmessig i nett med kapasitetsproblem. Målt effekt bør vere på 15 minutt opplysing for å i betre grad fange opp faktisk belastning i nettet.

Fastsetjing av avrekningsgrunnlaget: Ei omlegging til marginaltapsbasert energiledd vil føre til energileddet vert sterkt redusert. Tariffstrukturen bør også avspegle faste effektuavhengige kostnadar som skogrydding, fakturering, sakshandsaming osv.

Tariffen bør difor bestå av eit energiledd, eit fastledd og eit effektledd basert på målt effekt. Dette vil også dempe store endringar for den enkelte kunde og prinsippet om stabile tariffar over tid er ivareteke. Det vil også være ei kostnadsrett fordeling.

Tariffar for forbrukarflexibilitet: Vi støttar at nettselskapet kan nytte seg av forbrukarflexibilitet vha marknadsbaserte løysingar, men i ein overgangsperiode kombinert med gjeldande ordning med reduserte tariffar for fleksibelt forbruk. Dette bør imidlertid utgreiast nærmare.

Standardisering av tariffstruktur: I utgangspunktet er vi positive til ei standardisering av tariffstrukturen av pedagogiske og konkurransemessige årsaker. Nivået på tariffen er ei separat problemstilling som må sjåast nærmare på sidan tariffar for lokale uttak er i nokre områder sterkt påverka av nasjonal satsing på produksjon.

Det må leggest inn mekanismar som hindrar at det vert svært store utslag for einssilde kundar ved ei omlegging.

Mvh Sunnfjord Energi Nett

for 
Arild Fleten
-nettsjef-


Bjarte Kapstad
-siv.ing.-